

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 19. oktober 2017, kl. 20.00

Stad: Fjordhagen

Desse møtte: Anders Rem, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Richard Moen, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Børge Heggen Johansen, Torkjell Døving (for Kenneth Hovden), Ida Kristoffersen-Rem, Monica Henden

Fråverande: Kenneth Hovden, Harald Vestre, Magne Eivind Glomnes

Sak 33/17 Informasjon frå gruppene og styret

Trimgruppa: Tildelt plass i hallen. Annonse i Storfjordnytt, dame og herretrim. Innsamling av trimkorta 1.nov. Planlegging av den årlige nyttårsmarsjen.

Friidrett: Sesongen over. Liten aktivitet sidan avslutninga på friidrettscupen.

Fotballgruppa: Går mot sesongslutt. Treningane startar inne. 2 lag påmeldt Futsalserien i år, G12 og G14.

Diskspport: Avslutta sesongen. Ferdig med vekas runde. Godt med oppmøte, stamme på 17 stk på vekas runde, 48 innom på vekas runde til saman, 4 stk på TSS-open på Vestnes. No klar for innetrening.

Skigruppa: Klubbsamling med god deltaking, er også godt oppmøte på treningane. Er i rute til vinteren. Har kome i gang med førebuingane til MidtNorsk i starten på februar. Elles så går det i førebuing på alle plan – trening, anlegg....

Styret: Open hall i gong, fredagar kl. 19-22. Dei som ikkje er medlemmar betalar kr 30 pr gong. Ellisiv Jarvik har teke på seg å administrere dette.

Reklameplass idrettshallen, dugnad lag og organisasjonar. Avhengig av reklamesal idrettshallen for å kunne drifte hallen.

Orienteringskart har kome på plass etter initiativ frå Odd Lennart Vikene. Blir då eit spleiselag mellom Valldal skule og idrettslaget, Kr 12.500 gjennom VIL (kr 5.000 frå Tafjord og kr 7.500 frå Sparebanken Møre), resten dekkjer Valldal skule.

Idrettsskule, vanskeleg å få på plass nokon til å ta dette på seg. Kan vere ein ide å få ein ansvarleg for opplegget, med fleire personar til å ta ansvar for kvar sin aktivitetar. T.d. handball 4 gongar, turn 4 gongar, osv. Bind seg ikkje for ein heil sesong.

Skigruppa må rydde i premielageret sitt på lageret på klubbhuset.

Status medlemsmassen i idrettslaget, oppunder 300 medlemmar. Ikkje jobba noko aktivt med dette på ei stund.

Bygdeutviklingsmidlar, søknad inne, fristen var 1.mars, Einar og Jan Ole har vore i møte med Muriparken helseturisme. Tanken er å prøve å etablere samarbeid på vinteren. Selje sine tjenester, lage pakketilbod med overnatting. Lavsosong for ein del firma.

34/17

Kunstgrasbana

Utfordringar med dreneringa på bana når det regnar mykje. Torkjell orienterte – kva som er problemet, samt ulike alternativ for å rette på problemet. Entreprenørfirma eksisterer ikkje i dag, om det hadde så hadde det vore eit kurrant forsikrings sak. Ein stor jobb som må gjerast, men bør takast no i haust. Torkjell tek kontakt med Eika forsikringsselskap som hadde forsikringa på byggeprosjektet. Om det ikkje er forsikrings sak, så må det gjerast likevel.

Konklusjon: Einar sender Torkjell attest frå Eika forsikringsselskapet, Torkjell tek kontakt med Eika, om ikkje når fram, satse på å ta opp punktvis.

Elles så er all gjeld på kunstgrasbana innfridd.

Manglar straum til kiosken som ligg nede ved bana.

35/17

Oppgradering av salen på klubbhuset

Lydplater tak, heile taket med 20mm, erfaringar viser at dette gir god effekt. Pris som er innhenta kr 43.000 inkl mva.

Panellakk på veggane vart ikkje bra, skjoldete. Har derfor gått over til måling. Fordyrar litt. Dugnadsliste satt opp for veke 43. Dugnadsliste ligg på kjøkkenet på klubbhuset.

Kjøkkengolv blir rensa/skura opp, deretter impregnert (fugene). Liv Marit har gjort avtale med Gunn Hovden om denne jobben. Vente til salen er ferdig.

No når vi legg nytt golv, vil vi ikkje ha inn igjen bord og stolar vi har i dag. Vil slite på nytt golv. Satse på å skifte ut stolar/bord, ikkje ta inn på nytt golv det vi har i dag. Innhente tilbod, 20 bord m/stolar. Einar innhentar **tilbod frå**

36/17

Tidtakarutstyr

Kjøp av EMIT mellomtidstasjon (kan også brukast som målestasjon) og EMIT brikkesjekk, total pris kr 30.000. Bygg ut med det utstyret ein har i dag, enklare, kan kode det slik ein vil ha det. Vil kunne nyttast av både ski og friidrett. Treng å undersøkje litt meir før ein tek ein bestemmelse. Utsett denne saka til neste styremøte.

37/17

Valnemnd

Manglar eit medlem i valnemnda. Hastar med å få på plass.

38/17

Andre saker

Møtet slutt kl. 22.25

Liv Marit Indreeide

-referent